

Helse- og Omsorgsdepartementet  
postmottak@hod.dep.no

Vår ref: 2018/11854

Bergen, 21.01.19


### **HØRING FOR NASJONALT ELDRE-, PASIENT- OG BRUKEROMBUD**

Viser til høringsbrev, samt tillegg til høyring omhandlande nasjonalt eldre-, pasient- og brukerombud.

Helse Bergen HF har hatt saka oppe til kort diskusjon i Brukerutvalet i desember 2018. Tilbakemeldinga derfra er at Pasient- og brukerombudsordningen også har eit tydeleg ansvar for eldre som er i behov av helsetenester, og at ein endring i ombudets navn ikkje er ei ønskeleg eller nødvendig endring for å understreke dette.

Eldre pasientar vil utgjere ei større del av pasientane våre framover. Sjølv om kanskje fleire av dei eldre vil halde seg friske langt inn i alderdomen, er det likevel grunn til å tru at behovet for hjelp frå spesialisthelsetenesta vil auke, både når det gjeld ruslidingar, somatiske og psykiske lidingar. Ein ser for eksempel eit auka alkoholbruk blant vaksne, og blant ruspasientane aukar kognitive vanskar/tilstandar som liknar demens. Alzheimers sjukdom og andre formar for demens ligg høgt oppe på lista over sjukdommane som gjev størst helsetap i befolkning. Sentralt framover er spørsmålet korleis vi skal bygge vidare på geriatrikompetansen som finnes både i ulike einingar i sjukehuset, hos dei private ideelle og i kommunane.

Helse Bergen HF har i sin Utviklingsplan 2035, understreka at ein betre samordning av tilbodet til eldre pasientar med sammensette lidingar er nødvendig og vil arbeide med dette i åra framover.



Randi-Luise Møgster,  
Viseadministrerende direktør  
Helse Bergen HF